

Vedtekter for Surnadals havbruksfond

§ 1 Formål

Pengar som kjem inn frå Havbruksfondet skal setjast av til ein fond med namn Surnadal sitt Havbruksfond.

Surnadal sitt Havbruksfond skal brukast til:

- kompenserande tiltak for dei ulempene natur og samfunn i Surnadal kommune har på grunn av havbruksnæringa.
- næringsutvikling og kunnskapsinnhenting som gagnar både havbruk, vill laks og sjøaure.

§ 2 Bruk av fondet

Surnadal sitt Havbruksfond kan brukast av kommunen, men også av organisasjonar, selskap og privatpersonar etter søknad.

§ 3 Kriteria

Ved vurdering av bruk av midlar frå Surnadals sitt Havbruksfond skal det gjerast ei vurdering av nytta i forhold til kostnaden og ulempene for prosjektet. Det blir vurdert positivt om tiltaket har fleire positive effektar og om søkjaren legg ned stor eigeninnsats. Prosjekt som kan få tilskot er både tiltak og kartlegging av tiltak.

Tiltak som må gjennomførast i samsvar med lov, forskrift eller etter pålegg frå styresmakt kan ikkje få støtte.

§ 4 Søknad

Søknader blir sendt skriftleg til kommunen. Søknaden skal innehalda skildring av tiltaket, budsjett og tidsplan.

For eigeninnsats blir same satsar brukte som landbruksfondet.

§ 5 Søknadsfrist

Søknader blir fortløpande behandla.

§ 6 Behandling av søknader

Kommunedirektøren har fullmakt til å gi tilskot opp til 100 000 kroner. Større søknader skal behandlast av formanskapet.

§ 7 Utbetaling

Utbetalinga skjer etter at søkjaren har sendt inn rapport etter avslutta prosjektet. Om prosjektet vart gjennomført rimelegare enn budsjettet eller ikkje er i samsvar med søknaden, kan det utbetalte beløpet bli mindre enn det som vart tildelt.

Ved større prosjekt kan delar av tilskotet bli betalt ut før prosjektstart.

§ 8 Sluttføring

Tiltak som får støtte må slutførast og rapporterast innan to år. Det er mogleg å søkja om utsett frist.

§ 9 Rapportering

Etter slutført prosjekt skal rapport med rekneskap sendast til kommunen.